

Utval for levekår

Meland kommune

v/leiar Sølvi Knudsen

Utbetring av uteområda/skuleplassen ved Sagstad Skule

Sagstad skule har nyleg rusta opp skuleplassen for hele +20 mill NOK.

Skuleplassen er blitt kjempeflott, stor og open med mange flotte leikeapparat og aktivitetar.

Men som me som foreldre til ei jente i rullestol reagerer på at skulen ikkje har investert i eit einaste leikeapparat som er tilpassa rullestolbrukarar, og dette med ikkje berre vår eiga jente i tankane.

Til dømes så er «edderkoppdissa» så liten at for barn som må liggje på den under bruk, vil det være farleg å liggje oppi då beina vil henge langt utanfor. Dissa som var på plassen tidlegare var større. Leikehusa som dei hadde inntil dei opna den nye leikeplassen var store nok til at ein kunne køyre inn med rullestol, dei er no fjerna og erstatta med små lave leikehus som ein må krøke seg saman for å gå inn i.

Når eg spør ein person i FAU om den personen veit kvifor ikkje rullestolbrukarar- både dei som er no, og dei som vil kome på Sagstad skule, er tenkt på med hensyn til utstyret som er kjøpt inn, då det finns fleire apparat som kan brukast av både funksjonsfriske og funksjonshemma born samtidig, så er svaret at det er usikkert.

Det er lovmessige krav til universell utforming av uteområda ved at alle områda skal være tilgjengeleg for rullestolbrukarar også. Det kravet møter sjølvsagt Sagstad skule. Sagstad skule er og flinke til å være kreativ med leik, og har eit bra trivselsleikprogram på skulen.

Det er ingen lovmessige krav til kva slags apparat og utstyr som skal være tilgjengeleg på ein skuleplass. Ein kan sjølvsagt heller ikkje forvente at Sagstad skule skal investere store summar i leikeapparat **kun** til bruk for rullestolbrukarar, men noko som innbyr til inkluderande leik må være mogleg å få på plass? I denne settinga synest eg ikkje det er nok inkluderande av skulen å ha eit alternativ opplegg for born med funksjonshemming i friminutta i staden, for eksempel leik inne på skulen med nokre få andre born

Med dette ynskjer eg at Utval for Levekår ser på denne saka, både for dei borna med funksjonshemming som går på skule i kommunen no, og de som nok vil kome i seinare år.

Med venleg helsing

Hege S. Olsvoll